



Medlemmene i programstyret

Vår ref
09/401-1

Eining/avd/saksh.
SOGN/REG/ISY

Arkiv
036 &17

Dykkar ref

Dato
13.02.2009

Referat

frå møte i programstyret for "Sats på skulen – snu Sogn"

Møtenummer: 1/09

Møtedato: 3.2.09

Deltakarar:

Referent: Ingrid Syse

Jarle Aarvoll, Holger Aasen (frå kl 12), Anne Siri Bentsen, Jan Julusmoen, Ingvar Laberg, Osvald Lykkebø (for Geir Navarsete), Karina Nerland, Jorunn Nytingnes og Ingrid Syse
Synnøve Stalheim hadde meldt fråfall. Vararepresentant var ikkje innkalla

Møtet var i kommunehuset i Sogndal, kommunestyresalen.

Første delen av møtet var orientering frå kommune- og skulenivå i Sogndal om arbeidet med prosjektet "Sats på skulen – snu Sogn". Skuleeigarrolla og prosjekt knytt til skuleleiaropplæringa var tema. Representantar frå administrativt og politisk nivå i kommunen deltok på denne delen av møtet saman med rektorar. Presentasjonane er lagt ut på heimesida til prosjektet under "Aktivitatar".

Sak 01/09 Opning

Innkalling og sakliste vart godkjent

Sak 02/09 Val av leiar

Frå 1.1.09 er Jarle Aarvoll (Sogn regionråd) og Ingvar Laberg (rådmannsgruppa) nye representantar i programstyret. Marta Finden Halset – tidlegare leiar - og Tore Eriksen går dermed ut av styret. Jarle Aarvoll vart samrøystes vald som ny leiar for eitt år.

Sak 03/09 "Karriere Sogn og Fjordane" og regional rådgjevar

Sonja Hestetun, prosjektleiar, presenterte prosjektet og utfordringar i høve rådgjeving, karriere-rettleiing og utdanningsval i fylket. Presentasjonen er sendt programstyret og lagt ut på heimesida under "aktivitatar".

Programstyret drøfta korleis dette prosjektet kan knytast til "Sats på skulen – snu Sogn". Her blir utviklinga i regionen m.a. sett i samanheng med kunnskap om eige lokalsamfunn og at elevar tek "rette" utdanningsval og "rette" val av programområde i vgo. Dette er også er knytt til god rådgjeving og god kontakt mellom skulen og lokalsamfunnet - inkludert næringslivet. Utgreiing av behovet for ein regional rådgjevar er vidare eitt av tiltaka i den vedtekne regionale handlingsplanen for delprogram to – *kommunen som skuleeigar*. Regionale rådgjevarar ligg også inne i det fylkeskommunale prosjektet "Karriere Sogn og Fjordane".

Programstyret samla seg om at det er viktig å sjå nærare på om og ev korleis ei regional rådgjevar-teneste kan vere eit bidrag til å styrkje rådgjevinga opp mot elevane i ungdomsskulane. Samstundes bør ei slik rådgjevar-teneste også vere med på å styrkje kontakten mellom skulane og næringslivet. Ei utgreiing av behovet må gjerast i samarbeid med rådgjevarane og sjåast i samanheng med dei fylkes-kommunale planane for karriereretleing. Også næringslivet og andre aktuelle aktørar bør trekkjast inn som medspelarar i ein slik prosess.

Ingrid Syse og Sonja Hestetun tar initiativ til eit første møte med aktuelle aktørar der denne problem-stilinga blir presentert og drøfta. Programstyret får referat og drøftar på møtet den 31.3. korleis arbeidet med regional rådgjevar-teneste skal/kan følgjast vidare.

Sak 04/09 Vidare framdrift i prosjektet

Programstyret for Fornyng av offentleg sektor og IKT har tildelt Sogn regionråd kr 500 000 av skjønsmidlane for 2009 til vidareføring av prosjektet ut året. Regionrådet søkte om midlar for heile prosjektperioden ut 2012. I tildelingsbrevet skriv programstyret at prosjektet er kome godt i gang og at det er viktig med god leiing med tanke på vidare gjennomføring. Programstyret for Fornyng av offentleg sektor støttar difor søknaden, men gir i første omgang berre midlar for 2009. Sogn regionråd må kome tilbake med ny søknad for 2010.

Programstyret drøfta vidareutviklinga av "Sats på skulen – snu Sogn" i lys av denne tildelinga og vil uttale følgjande:

Programstyret sluttar seg til vurderingane frå programstyret for Fornyng av offentleg sektor om at vidare framdrift er avhengig av kontinuitet og god leiing. Programstyret viser også til tidlegare uttale (jf sak 29/09) om framtida til prosjektet i samband med undervegsvurderingane hausten 2009. Prosjektet er kome godt i gang, men det er mange og viktige saker som no skal vidareutviklast. Programstyret meiner difor det er heilt nødvendig for den vidare framdrifta å ha ein prosjektleiar. Kommunane må difor gje garanti for ei slik stilling minst ut prosjektperioden som er 2012.

Denne uttalen skal sendast til Sogn regionråd.

Sak 05/09 Vidareutvikling av dei faglege nettverka

Plan for vidareutvikling av faglege nettverk har vore på høyring i kommunane, hos HSF og dei vidaregåande skulane. Det er kome tilbakemelding frå fem kommunar, HSF og to vidaregåande skular. Alle sluttar seg til hovudtanken bak planen. Utprøving av ein ny modell for tre av dei gjennomgåande faga skal etter denne planen skje frå hausten 2009. Programstyret ber om at planen blir lagt fram for regionrådet og at prosjektleiar arbeider vidare med å førebu utprøvinga.

Sak 06/09 Entreprenørskapsmessa i Balestrand 19.2.09

Det er ca 400 påmelde elevar og lærarar til denne messa. Programmet er variert med ulike seminar som elevane skal vere med på, kultur, utstilling og premiering av elevbedrifter. Dette er ei messe som ikkje har vore arrangert i fylket tidlegare. Programstyret bad prosjektleiar sende ein invitasjon til skuleeigar både på politisk og administrativt nivå om å delta på messa – både på opninga og som deltakarar på seminara saman med elevane.

Sak 07/09 Ymse

Det vart ikkje lagt fram eller teke opp saker under ymse

Møteplanen for våren 2009:

Tysdag 31. mars i Lærdal

Tysdag 26. mai i Aurland

Dersom det er behov for eit ekstra møte: tysdag 23. juni

Kopi til: Rådmannsgruppa i Sogn regionråd